

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule, 22. oktober 2011, kl 16.00 – 17.00.
Til stades: Hallvard Hoås Samland, Sidsel Haugen, Einar Ystevik, Tone Belsnes, Ole–Gisle Vassel.

Sak 1, Julemesse.

Messa er planlagt til laurdag 26. november. Trivselsgruppa v/Sonja Skarde har fått overlevert leiar si oppstilling over messeutstillarar og den praktiske gjennomføringa av messa i 2010. Gruppa er ansvarleg for gjennomføring av julemessa i år.

Sak 2, Basar.

Basaren er planlagt til torsdag 29. desember. Etter forslag frå leiar har styret førespurt Trond Vikane og Johan Urheim om dei er villige til å ha eit hovudansvar for planlegging og gjennomføring av basaren saman med styret. Dette har begge sagt seg villig til. Styret takkar for velviljen.

Sak 3, Eventuelt.

1. I samband med avklaring om eventuell montasje av varmepumpe i barnehagen har leiar invitert Sigmund Eiken til eit nytt møte 25.10.11 for å orientere styret om dei oppgraderingane som no er utført på ventilasjon- og energianlegget.
2. Styrar i barnehagen orienterte om at det skal gjennomførast tilsyn i barnehagen 16. november 2011 med hovudtema:
 - a. Vedtekter
 - b. Verksemdplan/årsplan/årshjul
 - c. Årsrapport
3. Nytt styremøte tysdag 25.10.11, Ole sender innkalling.

Ole–Gisle Vassel/skrivar.